



## Vurderingsverktøy til vurdering av elevtekstar frå 1.–3. trinn

Vurderingsverktøy	1	2	3	4	5
<b>A. Mottakarorientering</b>	For å forstå teksten krevst det samtale med skrivaren.	Teksten inneheld ord/teikn/teikningar som gjev meining i samspel med kvarandre.	Teksten inneheld enkeltelement som indikerer at ein vender seg til ein mottakar.	Teksten vender seg til mottakaren i skriveoppgåva på ein nokså relevant måte og kan ta omsyn til behova til lesaren for kjennskap til deltakarar/karakterar, omstende og hendingsgang.	Teksten vender seg til mottakaren i skriveoppgåva på ein gjennomgåande relevant måte og tek omsyn til at lesaren har behov for kjennskap til deltakarar/karakterar, omstende og hendingsgang.  Teksten kan innehalde spor av stemma til eleven med reflekterande og evaluerande utsegnar.
<b>B. Organisering av innhald</b>	Teksten er bygd opp av enkeltstående bokstavar/ord/teikn/teikningar.	Teksten kan ha antydning til ein struktur, til dømes listestruktur med ei markert tematisk overskrift, eller brevstruktur.  Det additive bindeordet «og» kan vere brukt.	Teksten har ein global struktur med innhaldsmoment, som er stilte opp i ei logisk rekkefølge. I enkelte tilfelle kan innleiing eller avslutning vere lite eksplisitt.  Teksten inneheld først og fremst additive og temporale tekstbindarar (til dømes «og» og «å»).	Teksten har ein global struktur med enkelte utbygde innhaldsmoment, som er stilte opp i ei logisk rekkefølge. I enkelte tilfelle kan innleiing eller avslutning vere lite eksplisitt.  Teksten kan til dømes innehalde samanlikningar, klassifiseringar og kronologi.  Teksten viser bruk av ulike tekstbindarar (til dømes «men», «også» og «fordi»).	Teksten har ein fullstendig global struktur med fleire utbygde innhaldsmoment som er stilte opp i ei logisk eller på annan måte føremålstenleg rekkefølge.  Teksten viser føremålstenleg bruk av tekstbindarar.
<b>C. Omfanget av innhaldet</b>	Den delen av verbalteksten som er eit relevant svar på oppgåva, svarar til ei setning eller mindre.	Den delen av verbalteksten som er eit relevant svar på oppgåva, svarar til om lag 2–3 setningar.	Den delen av verbalteksten som er eit relevant svar på oppgåva, svarar til om lag ei halv A4-side (25–49 ord).	Den delen av verbalteksten som er eit relevant svar på oppgåva, svarar til om lag ei A4-side (50–74 ord).	Den delen av verbalteksten som er eit relevant svar på oppgåva, svarar til om lag ei og ei halv A4-side eller meir (75+ ord).
<b>D. Ordforråd</b>	Teksten er bygd opp av enkeltstående bokstavar/ord/teikn/teikningar.	Teksten inneheld eit fåtal (ulike) ord.	Teksten inneheld fleire ulike ord (gjerne temarelevante).	Teksten viser eit repertoar av ord (gjerne temarelevante).	Teksten viser eit repertoar av ord og uttrykk (gjerne temarelevante). I enkelte tilfelle kan han også vise bruk av spesialiserte og abstrakte ord, og/eller kreative uttryksformer.
<b>E. Setningsoppbygging</b>	Teksten (verbaltekst og/eller teikning) er bygd opp av enkeltstående bokstavar/ord/teikn/teikningar.	Han kan ha fullstendige setningar.	Setningane viser liten grad av variasjon i setningsstruktur (i tekstar der variasjon er relevant).	Delar av teksten viser tenleg variasjon i setningsstruktur.	Teksten har stort sett tenleg syntaktisk variasjon, og han har enkelte utbygde frasar og/eller leiddsetningar.



<b>F. Teiknesjng</b>	Teksten inneheld ikkje skiljeteikn.	Enkelte skiljeteikn kan opptre, og/eller utforskande bruk av teikn.	Det finst funksjonell bruk av skiljeteikn (særleg punktum).	Stort sett rett bruk av punktum. Det finst funksjonell bruk av spørsmålsteikn og/eller utropsteikn (i tekstar der det er relevant).	Stort sett rett bruk av ulike teikn. Det kan vere bruk av komma, særleg ved oppramsing og framfor «men».
<b>G. Skrivemåtar og staving</b>	Det kan vere enkeltbokstavar i teksten, og/eller det kan finnast skribleskrift, representert med bogar og strekar som imiterer skrift.	Teksten inneheld bokstavkombinasjon(ar) og enkeltord.	Orda blir stava lydrett, og nokre høgfrekvente og elevnære ord er rett skrivne.	Det finst døme på ikkje-lydrette ord som er rett skrivne. Det kan vere døme på overgeneralisering.	Det finst ei rekke døme på at også ikkje-lydrette ord er skrivne rett.
<b>H. Bokstavkunnskap</b>	Eventuelle bokstavar kan vere vanskelege å tyde.	Teksten inneheld bokstavar som ikkje er utforma på ein konvensjonell måte. Retning og form er ikkje nødvendigvis konvensjonelle.	Bokstavane er stort sett utforma på ein konvensjonell måte.	Bokstavane er utforma på ein konvensjonell måte. Det er gjort konvensjonell bruk av «bokstavhuset». Teksten har veksling mellom store og små bokstavar (versalar og minusklar). Ved bruk av berre versalar må dei stå på linje i tråd med «bokstavhuset».	Bokstavane er utforma på ein konvensjonell og lesarvenleg måte. Som regel konvensjonell bruk av «bokstavhuset». Følgjer som regel konvensjonar for veksling mellom store og små bokstavar.



# Skildring av vurderingsområda

## A) Mottakarorientering

Handlar om korleis teksten vender seg til ein mottakar, og i kor stor grad teksten tek omsyn til at denne lesaren har behov for informasjon.

## B) Organisering av innhald

Handlar om korleis teksten er strukturert på globalt og lokalt nivå.

## C) Omfanget av innhaldet

Handlar om kor lang teksten er. Dette omfattar berre verbaltekst som er eit relevant svar på oppgåva.

## D) Ordforråd

Handlar om ord- og uttrykksvariasjon i teksten. Det tek også føre seg om orda er temarelevante for teksten.

## E) Setningsoppbygging

Handlar om i kva grad teksten har tenleg variasjon i syntaks.

## F) Teiknsetjing

Handlar om i kva grad teksten har funksjonell og/eller konvensjonell bruk av teikn.

## G) Skrivemåtar og staving

Handlar om i kva grad orda i teksten er rett skrivne. Utviklinga går frå den tidlege skrivinga til at ein stadig større del av teksten er ortografisk rett skriven.

## H) Bokstavkunnskap

Handlar om i kva grad teksten følgjer konvensjonar for forming av bokstavar og bruk av store og små bokstavar (versalar og minusklar).



# Omgrepsliste til vurderingsverktøy

## Abstrakte ord:

Med dette meiner vi ord som viser til fenomen som vi ikkje kan sjå, høyre eller ta på. Døme kan vere *kjærleik, venskap, misunning, tid*.

## Additive tekstbindarar:

Sambindarar som knyter fakta til fakta i ein tekst. Døme:

Konjunksjonar: *og, eller*

Adverb: *også, vidare, dessutan, forresten*

Adverbiale uttrykk: *til og med, på same måten som, til dømes* [1]

## Bokstavhuset:

Eit bokstavhus viser konvensjonar for korleis bokstavane skal plasserast i forhold til kvarandre. Dette blir illustrert med tre rader, som i didaktisk samanheng gjerne blir kalla for «loft», «midtetasje» og «kjellar». Versalane (dei store bokstavane) står alltid i midtetasjen + loftet, medan minusklane (dei små bokstavane) også kan ta i bruk kjellaren (f, g, j, p, q, y).

## Global struktur:

Med dette meiner vi at teksten som heilskap har ein struktur. Tekstar kan vere strukturerte etter tid (til dømes kronologi), eller dei kan vere bygde opp på andre måtar. Alternative struktureringsprinsipp kan til dømes vere at teksten er bygd opp etter kategoriar, *kontrastering* eller *argumentering* [2].

## Klassifisering:

Det handlar om at innhaldsmomenta i ein tekst er grupperte etter klassar/kategoriar. Om ein skal presentere eit dyr, kan innhaldsmomenta til dømes vere grupperte etter utsjånaden på dyret, kva dyret et, og kvar det lever.

## Kreative uttrykksformer:

Å bruke språket på kreative måtar, til dømes gjennom å bruke ord og formuleringar som understrekar meining i ytringane våre. Døme kan vere

- besjeling (*Store maskiner et seg innover frodige beitemarker med ein uhyggjeleg appetitt*)
- gjentakning (*Det har eg gjort mange, mange, mange gonger.*)
- humor
- ironi
- samanlikning (*Kari er skjønn som ei rose. Hunden liknar på ei løve.*)
- metaforar (*Elgen er skogens konge.*)



- rim
- overdrivingar
- underdrivingar

### Kronologi:

Tyder at noko er ordna etter tidsrekkefølge, til dømes om bøker som er sorterte etter utgjevingstidspunkt eller hendingar som er gjevne att i den rekkjefølgja dei skjedde [3].

### Omstende:

Ein skrivar kan orientere lesaren gjennom å framstille det som skjer, på ein eksplisitt måte, til dømes kvar og når noko finn stad. I ein tekst som ikkje gjer greie for omstende, kan det til dømes vere vanskeleg å vite kva her, der, då og så vidare viser til.

### Overgeneralisering:

Når rettskrivingsreglar blir prøvde ut i samanhengar der dei ikkje skal brukast. Dette kan kallast utviklingsfeil [4] og er ein naturleg del av skriveutviklinga til barn. Eit døme kan vere når ein skrivar har lært at å-lyden ofte blir skriven med o på norsk (*tog, lov, sove*). Skrivaren kan då overgeneralisere og skrive til dømes *dorleg* (dårleg).

### Temporale tekstbindarar:

Forbindarar som organiserer teksten etter tid. Døme:

Subjunksjonar: *då, når, medan, innan, sidan*.

Adverb: *så, deretter, etterpå, endeleg, då, når, seinare, tidlegare, samtidig*.

Adverbiale uttrykk: *etter ei stund, på den tida, ut i dei små timane* [5].

### Tekstbindarar:

Sjå «Additive tekstbindarar» og «Temporale tekstbindarar».

### Syntaktisk variasjon:

Syntaks handlar om korleis vi set saman ord til frasar og setningar, og om korleis setningsledda er plasserte i setninga.

Norsk er eit SVO-språk, som vil seie at den umarkerte rekkjefølgja på setningsledd er subjekt-verbal-objekt (SVO): *Kari har skote ein hjort med gevær*. Vi kan flytte fram også andre setningsledd til starten av setninga: *Ein hjort har Kari skote med gevær* eller *Med gevær har Kari skote ein hjort*. Spørjesetningar startar direkte med verbalet – då er den første plassen tom: *Har Kari skote ein hjort med gevær?* Med syntaktisk variasjon meiner vi at rekkjefølgja på setningsledda er ulik, altså at ulike



setningsledd kan innleie setningane. Ein tekst som hovudsakleg har setningar som startar med subjektet, kan til dømes ikkje seiast å ha mykje syntaktisk variasjon.

### Utbygde frasar:

Eitt enkelt ord kan vi byggje ut til ei gruppe ord, slik at den nye gruppa har same funksjon i setninga som det enkelte ordet. Frasen får namnet sitt etter ordklassen til hovudordet (kjernen) [6]. Til dømes har substantivfrasar substantiv som kjerne, men frasen kan byggjast ut med ulike adledd: *den store hesten med svart man.*

Adjektivfrasar har adjektiv som kjerne: *utruleg fin på håret.*

## Fotnotar

[1] Døma er henta frå Iversen H. M., Otnes, H., & Solem M. S. (2007). Grammatikken i bruk. Cappelen forlag.

[2] Les meir i Iversen, H.M., & Otnes, H. (2016). Å lære å skrive. Universitetsforlaget.

[3] Definisjonen er henta frå <https://snl.no/kronologisk>

[4] Les meir i Traavik, H. & Alver, V. R. (2008). Skrive- og lesestart. Fagbokforlaget.

[5] Døma er henta frå Iversen H. M., Otnes, H., & Solem M. S. (2007). Grammatikken i bruk. Cappelen forlag.

[6] Faarlund, J., Lie, S., & Vannebo, K. (1997). Norsk referansegrammatikk. Universitetsforlaget.



Elevnavn: \_\_\_\_\_ Dato: \_\_\_\_\_ Skriveoppgåve: \_\_\_\_\_

	1	2	3	4	5
A. Mottakarorientering					
B. Organisering av innhald					
C. Omfanget av Innhaldet					
D. Ordforråd					
E. Setningsoppbygging					
F. Teiknsetjing					
G. Skrivemåtar og staving					
H. Bokstavkunnskap					